**Statens vegvesen**

Øyvind Dalland
Søettevegen 881
5939 SLETTA

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/innvalsnr: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| Region vest | Ingelin Garen - 55516345 | 2014/025627-002 | | 21.05.2014 |

# Dispensasjon fra byggjegrense. Avslag på søknad om avkjørsle frå fv.565 - Gjerde. Gnr. 100 bnr. 1

Fv. 565 hp 4 km 1,443
Vi viser til søknad dagsett 25.02.2014 og seier oss leie for at det grunna stor saksmengde hos oss har gått lang tid før saka er blitt handsama.

Søknaden gjeld ny avkøyrsle frå Fv. 565 for tilkomst til 2 bustadeiningar på gnr. 100 bnr. 1 i Radøy kommune samt dispensasjon frå byggjegrensa til Fv. 565 på 35 meter for same tiltak. Statens vegvesen var på synfaring på staden den 14.04.2014.

<u>Tekniske opplysningar:</u>
Skilta fart på staden er 50 km/t, Årleg døgntrafikk (ÅDT) er berekna til 1500 køyretøy. Ny avkøyrsle er på kart vedlagt søknaden teikna inn i eigedomsgrensa mot naboeigedom, gnr. 100 bnr. 3. Like aust for ny planlagt avkøyrsle er det ei konveks vertikalkurve i fylkesvegen (høgbrekk) som hindrar frisikt i retning Ystebøvågen.




Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Overordna retningslinjer, Nullvisjonen:
I tilknyting til dei overordna retningslinjene for avkøyrsler er det i «*Rammeplan for avkøyrsler og byggjegrenser i Region vest*» gjeve nokre generelle prinsipp for vurderinga av søknader om nye avkøyrsler. Der heiter det mellom anna at «*nye avkøyrsler vert vist til gamal trase der denne er rimeleg nær*». I rammeplanen er Fv. 565 vist som haldningsklasse 2. (gul) For gul haldningsklasse går det mellom anna fram av rammeplanen;

- *Talet på avkøyrsler til vegane må vere svært avgrensa. Dette gjeld også for driftsavkøyrsler*
- *Nye avkøyrsler bør ikkje godkjennast utan et det føreligg stadfesta reguleringsplan som godkjenner ei slik løysing, eller etter veglova. Val av stad for avkøyrsler må vurderast nøye med tanke på den framtidige arealutviklinga.*
- *Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrsle bør avgrensast. Godkjenning kan vurderast der avkøyrsla blir nytta av fleire*»

I Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging heiter det at arealbruk og transportsystem skal utviklast slik at de fremjar samfunnsøkonomisk effektiv utnytting av ressursar med miljømessige gode løysningar, trygge lokalsamfunn og bomiljø, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Det skal leggjast til grunn eit langsiktig, bærekraftig perspektiv i planlegginga.

Nullvisjonen for trafikktryggleik har som mål å planleggje, legge til rette og utbetre vegnettet slik at alvorlige ulukker ikkje skal finne stad. Visjonen gjer det klårt at det er moralsk og etisk uakseptabelt at folk vert drepne eller hardt skadd i trafikkulukker. I tillegg utgjer ulukkene ein kostnad ved trafikksystemet som vi ikkje kan godta, trass i de fordelane vegtrafikken gir. Transportsystemet skal utformast på ein måte som fremjer trafikksikker åtferd hos trafikantene, og i størst mulig grad medvirker til at menneskelege handlingar ikkje fører til alvorlege skader eller død.

Tekniske krav:
Krav til fri sikt vil jfr.handbok 263 være 4 x 45 meter ved fartsgrense 50 km/t.

Kommunens arealplan.
Det aktuelle området er i kommuneplanen for Radøy vist som eit framtidig bustadområde.

Tiltakshavers merknader til saken:
Av søknaden framgår det at det no vert søkt om ny avkøyrsle til fylkesveg, medan avkøyrsla til gnr. 100 bnr. 2 er planlagd fjerna. Denne eigedomen vil få ny tilkomst via avkøyrsla til Slettevegen 881 og 885. Tiltakshaver meiner at det samla tiltaket er ei meir trafikksikker løysing enn eksisterande og fører ikkje til fleire avkøyrslar frå fylkesvegen enn det er i dag. Det er også påpeikt at ny planlagd trasè for Fv. 565 – Tolleshaug – Storetveit vil komme lengre vest for det aktuelle vegstrekket.

Vegvesenets vurdering av saken:
Statens vegvesen er samd i det planfaglege grepet når det gjeld å samle avkøyrsler der dette er mogeleg. Det er likevel ein føresetnad at tiltaket bidrar til å auke trafikktryggleiken på staden.

Då Statens vegvesen var på synfaring den 14.04.2014 vart vi merksam på at den omsøkte avkøyrsla representerer ei potensiell trafikkfare. Dette på grunn av eit høgbrekk i fylkesvegen som hindrar fri sikt. Vegvesenet har isolert sett ingen vesentlege merknader til at 2 nye bustadeiningar vert etablert på gnr. 100 bnr. 1. Vi vil derfor rå til at tiltakshavar ser på om det er mogeleg å gjere seg bruk av eksisterande avkøyrsle på gnr. 100 bnr. 3 (Fv. 565, Hp 4 ved km 1,475). Dersom siktkrava kan oppfyllast i denne avkøyrsla vil dette være ei løysing som Statens vegvesen kan akseptere.

I *«Rammeplan for avkøyrsler og byggjegrense på riks- og fylkesvegar i Region vest»* er byggjegrensa langs Fv. 565 sett til 50 meter. Statens vegvesen kan etter ei konkret vurdering ikkje sjå at etablering av to heilårsbustader 35 meter frå vegmidte som omsøkt, vil komme i konflikt med våre veginteresser.

Ettersom spørsmålet om plassering av ny avkøyrsle til nye heilårsbustader endå ikkje er avklart, har Statens vegvesen i denne omgang ikkje tatt stilling til forslaget om å stengje eksisterande avkøyrsle til gnr. 100 bnr. 2. Vegvesenet har heller ikkje teke stilling til om desse i staden kan få ny tilkomst via avkøyrsla til Slettevegen 881 og 885.

Vedtak:
Vi gjev med dette dispensasjon frå byggjegrense ved Fv. 565 hp 4 km 1,443. Dispensasjonen gjeld for to bustadeiningar med ein avstand på 35 meter frå vegmidte til næraste bygningsdel på gnr. 100 bnr. 1 i Radøy kommune. Vi gjer merksam på at dispensasjonen berre gjeld i høve til veglova, og ikkje rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar. Dispensasjonen er gjeve i samsvar med føresegnene om byggegrenser i veglova § 29 og 30 og på dei vilkår som er nemnt nedanfor:

1. Bygningen må ikkje nyttast til anna føremål enn det som kjem fram av søknaden.
2. Dispensasjonen fell bort dersom omsøkte byggjearbeid ikkje er starta innan 3 år frå d.d.
3. Det er ikkje grunnlag for krav mot Statens vegvesen på grunn av skade eller ulempe som følgjer av at bygningen ligg innanfor byggjegrensa, med mindre det kan påvisast aktløyse frå vegvesenet si side.
4. Dersom bygget vært oppført i strid med vilkåra i denne dispensasjonen, kan bygget krevjast fjerna med heimel i veglovas § 36 utan kostnader for Statens vegvesen.

Med heimel i veglova §§ 40 og 43 vedtar Regionvegkontoret å avslå søknad om etablering av ny avkøyrsle frå Fv. 565 for tilkomst til 2 bustadeiningar på gnr. 100 bnr. 1 i Radøy kommune.

Begrunnelse:
Sjå avsnittet «Vegvesenets vurdering av saken»

Klagerett.
Vedtaket kan påklages, jamfør vedlagt ”Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak”.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Odd Høydalsvik
Sjefingeniør

Ingelin Garen

1 vedlegg

Kopi: Odd Gjerde, Slettevegen 883, 5939 SLETTA
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

Statens fellesblankett

| ① Avsender (forvaltningsorganets stempel) | Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningsloven § 27 tredje ledd) |
|---|---|
| Statens vegvesen Region vest | ② Dato |
| ③ Mottaker (navn og adresse) | ④ Klageinstans<br>HORDALAND FYLKESKOMMUNE |

**Denne meldingen gir viktige opplysninger hvis De ønsker å klage over vedtak De har fått underretning om.**

| | |
|---|---|
| **Klagerett** | De har rett til å klage over vedtaket. |
| **Hvem kan De klage til?** | Klagen sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk ①. Hvis vi ikke tar klagen til følge, sender vi den til klageinstansen, jf. rubrikk ④. |
| **Klagefrist** | Klagefristen er tre - 3 - uker fra den dag De mottar dette brevet. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt før fristen går ut. Dersom De klager så sent at det kan være uklart for oss om De har klaget i rett tid, bør De oppgi datoen for når De mottok dette brevet.<br>Dersom De klager for sent, kan vi se bort fra klagen. De kan søke om å få forlenget fristen, og da må De oppgi årsaken til at De ønsker det. |
| **Rett til å kreve begrunnelse** | Dersom De mener vi ikke har begrunnet vedtaket vårt, kan De kreve en slik begrunnelse før fristen går ut. Ny klagefrist blir da regnet fra den dagen De mottar begrunnelsen. |
| **Innholdet i klagen** | De må presisere<br>– hvilket vedtak De klager over<br>– årsaken til at De klager<br>– den eller de endringer som De ønsker<br>– eventuelt andre opplysninger som kan ha betydning for vurderingen av klagen<br>Klagen må undertegnes. |
| **Utsetting av gjennomføringen av vedtaket** | Selv om De har klagerett, kan vedtaket vanligvis gjennomføres straks. De kan imidlertid søke om å få utsatt gjennomføringen av vedtaket til klagefristen er ute eller til klagen er avgjort. |
| **Rett til å se saksdokumentene og til å kreve veiledning** | Med visse begrensninger har De rett til å se dokumentene i saken. Reglene om dette finnes i forvaltningsloven § 18 og § 19. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk ①. De vil da få nærmere veiledning om adgangen til å klage, om framgangsmåten og om reglene for saksbehandlingen. |
| **Kostnader ved klagesaken** | De kan søke om å få dekket utgifter til nødvendig advokathjelp etter reglene om fritt rettsråd. Vanligvis gjelder visse inntekts- og formuesgrenser. Fylkesmannen eller Deres advokat kan gi nærmere opplysninger om dette. Hvis vedtaket er blitt endret til Deres fordel, kan De etter forvaltningsloven ha krav på å få dekket vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk ④) vil orientere Dem om retten til å kreve slik dekning. |
| **Klage til Sivilombudsmannen** | Hvis De mener at De har vært utsatt for urett fra den offentlige forvaltnings side, kan De klage til Stortingets ombudsmann for forvaltningen (Sivilombudsmannen). Sivilombudsmannen kan ikke selv endre vedtaket, men kan gi sin vurdering av hvordan den offentlige forvaltning har behandlet saken, og om det er gjort eventuelle feil eller forsømmelser. Dette gjelder likevel ikke i saker som er avgjort av Kongen i statsråd. Dersom De nå får Deres klage avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De derfor ikke senere bringe saken inn for Sivilombudsmannen. |

Særlige opplysninger